

Leggje til rette prøver og eksamenar for elevar med synsnedsetjing

Elevar med synsnedsetjing har rett til tilrettelagde nasjonale prøver, kartleggingsprøver og eksamenar.

ARTIKKEL | SIST ENDRET: 26.04.2022

Tilrettelegginga består i hovudsak av

- tilrettelagde oppgåvesett og tilrettelagt førebuingmateriell
- lengre tid
- tilgang til eigen pc med nødvendig programvare

Det er behova til eleven som er avgjerande for kva tilrettelegging eleven har rett til.

Meir informasjon

- [Leggje til rette eksamen](#)
- [Leggje til rette nasjonale prøver](#)
- [Legge til rette kartleggingsprøver](#)

Støtte før og under prøver eller eksamenar

Elevar med synsnedsetjing kan ha behov for ekstra tid til å orientere seg i eit førebuingmateriell, til dømes

fordi dei må få forklart bilete og figurar. Det er derfor aktuelt å forlengje førebuingstida der dette er mogleg.

Dersom ein elev treng støtte under sjølve prøva eller eksamenen, bør den som hjelper, ha inngående forståing av læreplanen i faget og kjennskap til kva synsfunksjon eleven har. Det kan vere nødvendig å sitje i eit eige rom.

Hjelpa kan bestå i å

- lese oppgåveteksten høgt for eleven. Dette skal ikkje gjerast i oppgåver som testar leseferdigheiter;
- beskrive struktur og layout i oppgåvene;
- synstolke;
- slå opp i og bruke tillatne hjelpemiddel og tillaten programvare;
- skrive svar for eleven. Dette skal ikkje gjerast i oppgåver som testar skriveferdigheiter;
- formatere tekst der eleven ikkje sjølv kan kontrollere resultatet, til dømes setje inn sidetal eller velje skrifttype;
- lese svaret høgt slik at eleven kan korrigere feil

Den som hjelper eleven under ein eksamen, bør opne eksamenssettet så tidleg som mogleg og setje seg godt inn i det. Eksamenssettet kan opnast tidlegast kl. 07.00 på eksamensdagen.

Lokalt gitte prøver og eksamenar

Skulen må sjølv leggje til rette lokalt gitte prøver og eksamenar. Tilrettelegginga kan gå ut på å

- synstolke bilete og figurar og illustrasjonar
- tilby taktile utgåver av figurar og illustrasjonar
- forenkle diagram og figurar og illustrasjonar
- lage ei alternativ oppgåve dersom oppgåva ikkje kan leggjast til rette



Lær meir

[Statped har nyttig informasjon og læringsressursar for elevar med synsnedsetjing.](#)

Les meir om

Synsnedsetjing

Opplæring i punktskrift, tekniske hjelpemidler og mobilitet

Tilpasse opplæringa for elevar med synsnedsetjing